



Vestnes kommune  
Rådhuset  
6390 VESTNES

**Vår dato:** 11.08.2022

**Vår ref.:** 202011512-8 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:** PLAN-20/00307-32

**Sakshandsamar:** Ole-Jakob Sande,  
22959545, ojs@nve.no

## **NVE sin uttale til andre gongs offentleg ettersyn av reguleringsplan for Salmar Genetics på Vågstranda i Vestnes kommune**

Vi viser til brev datert 08.06.2022. Saka gjeld andre gongs offentleg ettersyn av framlegg til reguleringsplan for Salmar Genetics på Vågstranda i Vestnes kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for ny utbygging, fylling i sjø med kai og utviding av næringsareal.

### **Om NVE**

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader fra overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (tbl).

### **NVE sin uttale**

NVE ga uttale til første gongs offentleg ettersyn av planframlegget i brev datert 10.12.2021. Vi hadde merknader knytt til grunnforhold, flaum og erosjon og vassdragsmiljø.

I revidert planframlegg er endringar i tekst markert med gul bakgrunn i ROS-analyse, planomtale og føresegner. I tillegg er det utarbeidd eit dokument der plankonsulent omtalar korleis merknadane til første planframlegg er vurdert.

### *Områdeskred av kvikkleire*

NVE saknar at det i reviderte plandokument er tatt omsyn til vår merknad knytt til manglande vurdering av om planområdet kan ligge i utløpsområde for kvikkleireskred. **Vi gjentek vårt råd om at det før slutthandsaming av planen vert gjort ei slik vurdering i**



**samsvar med prosedyren som er gitt i NVE rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#).**

#### *Allmenne interesser i vassdrag*

Føresegnerne til arealføremåla Bruk og vern av sjø og vassdrag (V) og Naturområde i sjø og vassdrag (VN) er justert etter førre offentleg ettersyn. NVE er nøgd med at det i § 3.4.2 er sett krav til at tiltak med erosjonssikring ikkje skal føre til vandringshinder for anadrom fisk. Vi gjer merksam på at det i overskrifta bør kome fram at arealføremålet femnar om både sjø og vassdrag.

Vi er og nøgde med at det i føresegnene § 3.4.1 er lagt inn formuleringar som avgrensar hove til å gjere tiltak for å sikre mot erosjon til dei områda der det er dokumentert trong for slike tiltak.

#### **Meir informasjon**

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmande. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

#### **Kommunen sitt ansvar**

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjoner. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande  
Senioringeniør

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

#### **Mottakarar:**



Vestnes kommune

**Kopimottakarar:**

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Møre og Romsdal fylkeskommune